



Arkivnr: 2018/10528-5

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.06.2018

Ny tannklinikk i Arna - leigeavtale

Samandrag

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt i løpet av planperioden verte gjeve på 5 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere i Indre Arna.

Det er framforhandla ein leigeavtale mellom Øyrane Torg AS og Hordaland fylkeskommune om leige av lokale til ny tannklinikk i 3. etasje på Øyrane Torg. Klinikken skal ha 8 behandlingsrom, og areal til vår eksklusive bruk og andel av fellesareal utgjer til saman 629 kvm BTA. Årleg leigesum er kr 817.000 eks. mva., dvs. i underkant av kr 1.300 pr kvm pr. år. I tillegg kjem andel av felleskostnader.

HFK vil sjølv bygge om areala til tannklinikk, og det er sett av midlar i budsjettet for 2018 til dette. Lokala vert levert frå utleigar som «rålokale» klargjort for HFK sine eigne innreiingsarbeid.

Start av leigeforholdet er planlagt til den 08.10.2018. Leigetida er 20 år, med opsjon på 5 år. Lengda er den same som i leigeavtalane for andre nye tannklinikkar.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

Økonomi: Tysse tannklinikk, Indre Arna tannklinikk og Dalekvam tannklinikk vil verte lagt ned når den nye tannklinikken på Øyrane Torg er klar til bruk. Utgifter til leige av ny klinikk vil auke monaleg, men gjennom meir effektiv drift er det ei målsetting å redusere driftskostnadene ved klinikken.

Klima: Ikkje kjend

Folkehelse: Ikkje kjend

Regional planstrategi: Tannklinikken ligg nær kollektivknutepunkt

Forslag til vedtak

Leigeavtale mellom Øyrane Torg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Leigeavtale
- 2 Teikning
- 3 Leveringsstandard

Fylkesrådmannen, 01.06.2018

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt i løpet av planperioden verte gjeve på 5 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere i Indre Arna.

Det er framforhandla ein leigeavtale mellom Øyrane Torg AS og Hordaland fylkeskommune om leige av lokale til ny tannklinik i 3. etasje på Øyrane Torg. Adressa er Ådnavegen 63, 5260 Indre Arna; gnr 287 bnr 846 i Bergen kommune.

Klinikken skal ha 8 behandlingsrom, og areal til vår eksklusive bruk i 3. etasje vil vere 495 kvm BTA, samt eit maskinrom i 2. etasje på 8 kvm BTA. Andel fellesareal (25 %) er 126 kvm. Til saman skal vi leige 629 kvm BTA.

Årleg leigesum er kr 817.000 eks. mva., dvs. i underkant av kr 1.300 pr. kvm pr. år. I tillegg kjem andel av felleskostnader.

HFK vil sjølv bygge om areala til tannklinik, og det er sett av midlar i budsjettet for 2018 til dette. Lokala vert levert frå utleigar som «rålokale» klargjort for HFK sine eigne innreiingsarbeid.

Start av leigeforholdet er planlagt til den 08.10.2018. Leigetida er 20 år, med opsjon på 5 år. Lengda er den same som for andre nye tannklinikkar; dette gjeld leigeavtalar for Solheimsviken tannklinik, Askøy tannklinik og tannklinik i Region Nordhordland helsehus.

Tannklinikken på Øyrane Torg vil kunne stå ferdig mot sommaren 2019, og eksisterande tannklinikkar i Indre Arna (Stølsvegen 13), Dalekvam og Tysse vil verte lagt ned når den nye tannklinikken er ferdig. Det går fram av klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta at pasientane som har nytta Dalekvam tannklinik kan velje mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinik eller den nye tannklinikken i Arna. Pasientar som har vore knytt til Tysse tannklinik kan velje mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinik, Os tannklinik, Norheimsund tannklinik eller den nye tannklinikken i Arna.

Samla leigekostnad i 2018 for dei tre tannklinikane som vert lagt ned er kr 431.872 eks. mva. Som nemnt over vil årleg leigesum for den nye tannklinikken vere kr 817.000 eks. mva. Gjennom meir effektiv drift er det ei målsetting å redusere driftskostnadene ved klinikken.

Den nye tannklinikken på Øyrane Torg vil ha ei svært god plassering med omsyn til kollektivtransport; dette gjeld både tog og buss.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.